

Finst det språk som ikkje kan lærast?

Terje Lohndal

Introduksjon

Ingen kan unngå å bli imponert over kor kjapt barn lærer språk. Dei blir fødde, og i løpet av to år som inneheld mykje soving, er dei i stand til å seie enkle setningar. Kwart einskild barn lærer også det språket som finst i omgjevnaden deira, heilt utan problem, så lenge dei ikkje har ein språkskade eller annan skade som påverkar språket.

Språkvitskapen gir ulike svar på korleis dette er mogleg. I denne korte artikkelen vil eg samanlikne eit par slike svar og sjå kva som kjenneteiknar desse. Plassomsyn gjer at det ikkje er høve til ei inngående samanlikning, men eg håper dette oversynet kan inspirere til vidare lesing.

Ein imponerende bragd

At det i det heile tatt er mogleg å lære språk, er endå meir imponerende når vi tenkjer på kva som trengst. Den første oppgåva til barnet er å kunne skilje mellom språklydar og andre lydar. Kva gjer at eit nyfødd barn veit at noko støy faktisk er språk mens mykje anna støy ikkje har noko med språk å gjøre? Tenk berre på alle foreldre som tar barna med på kafé. Der sit barna omgitt av store mengde støy. Ei dør som går opp og igjen, folk som snakkar, men der ingen kan høre kva dei snakkar om, berre støyen frå samtalan. Barnet skal då vere i stand til å skjønne at når foreldre eller andre snakkar til dei, så er dei lydane språklydar. Vi har også god evidens for at barn faktisk lærer dei individuelle lydane i ord, og ikkje berre at *jord* blir uttala slik det blir uttala: i grov lydskrift /jo:r/, eventuelt /jo:L/ om ein har det som kallast tjukk-l¹. Evidens for dette er at vi har alle saman gode intuisjonar om kva lydar som kan kombinerast og kva lydar som ikkje kan kombinerast. Til dømes veit ein kvar morsmålsbrukar av engelsk at lydsekvensen /kn/ ikkje er mogleg. Difor seier vi ikkje /knai:f/, men /nai:f/. På norsk kan det aldri finnast ord med sekvensen /tl/. Eit ord som /tlap/ kan ikkje vere eit norsk ord. Dette veit ein kvar morsmålsbrukar av norsk. Dette tyder på at vi lærer eit meir abstrakt lydsystem, og sidan lydsystema varierer frå språk til språk, er dette noko eit barn må lære seg.

På eit eller anna vis greier barn å skilje ut språklydane. Det ser faktisk ut til at dei tar til med den oppgåva før dei blir fødde. I tillegg til dette lærer dei setningsstrukturen veldig

¹ Her nyttar eg /L/ for denne lyden, sidan lydskrifta i denne artikkelen berre er heilt rudimentær.

raskt. Når dei er tre til fire år, har dei fått svært mykje av strukturen på plass. I norsk veit dei til dømes at verbet må komme på andre plass i setninga. Det må heite *På måndag kan Herman hente dottera i barnehagen* og ikkje **På måndag Herman kan hente dottera i barnehagen*. Språkforskarar set ofte ei stjerne føre slike døme som ikkje er moglege. På engelsk er det ikkje slik. Der må det heite *On Monday Herman will be able to pick up his daughter in kindergarten* og ikkje **On Monday will Herman be able to pick up his daughter in kindergarten*.

Språkforskaren og filosofen Noam Chomsky var den som verkeleg sette desse observasjonane på kartet innanfor moderne språkvitskap. Han framheva *systemet* i språk, og kva tyding det har for korleis eit barn lærer språk.² Mange har vore usamde med han i dei konkrete forslaga til han og dei som arbeider innanfor teorien som kallast generativ grammatikk, men at han har vore svært viktig for all forskning på grammatikk og språklæring, kan det ikkje vere tvil om. Chomsky har ofte framheva kor fort barn lærer språk, og dette har vore eitt av fleire argument for at vi blir fødde med abstrakt kunnskap om grammatikk (sjå Pinker 1994 for ei god og populærvitskapleg framstilling). Generativ grammatikk er primært opptatt av kunnskapen om språk som er felles for alle språk. I dette ligg det naturlegvis at det finst slike felles eigenskapar, og mykje av forskingsinnsatsen innom generativ grammatikk har vore dedikert til å finne fram til slike universelle eigenskapar. Gjennom dei siste 60 åra har ein gått frå å stipulere eit svært rikt sett av slike eigenskapar til å prøve å redusere desse til det som berre er absolutt naudsynt.

Andre syn vaks fort fram etter at generativ grammatikk hadde blitt etablert på 1960-talet. Mange meinte at det var urealistisk å seie at barn veit masse om språk før dei er fødde, og dei var også skeptiske til at alle språk har eigenskapar som er like. Mange av forskarane som var usamde med Chomsky argumenterte for at barn greier å lære språk basert på omgjevnaden. Veks eit barn opp i Japan, syg det til seg japansk. Veks eit barn opp på Kyrksæterøra, lærer det den dialekten dei snakkar der. Dei peiker på at vi har ei enorm evne til å lære alle moglege ting, og at språk ikkje skil seg ut frå det å lære andre ting. Og om barnet har fire år til å lære seg mange ord og hovudstrukturen i setningane, så er dette eigentleg god tid. Dermed verkar det ikkje naudsynt å stipulere at vi er fødde med ei særleg evne til å lære språk.

² Fleire andre har framheva systemet i språk lenge før Chomsky, men han og læraren hans, Zellig Harris, var dei første som verkeleg fokuserte på setningar. Chomsky var likevel den første som verkeleg sette strukturen til språk i samanheng med språklæring.

Argumentasjonen til generativ grammatikk er likevel meir sofistisert. Det handlar ikkje berre om tid, men også om det som ikkje finst på overflata i språk. Det skal eg nå diskutere.

Finst alt på overflata?

Chomsky har sidan dag ein vore opptatt av systematiske eigenskapar i språk som vi ikkje ser på overflata. Dei første banebrytande arbeida hans handla om hjelpeverbsystemet i engelsk, det vil seie kvifor det til dømes heiter *Susan would have been impressed by that book* og ikkje **Susan have would been impressed by that book*. Løysinga på dette involverer struktur som vi ikkje ser på overflata. På liknande vis har Chomsky argumentert for at det må vere medfødd kunnskap om språklege strukturar, omtrent slik vi har medfødde kunnskapar om korleis synsevna vår utviklar seg, eller korleis biar har eit medfødd navigasjonssystem.³ Eg skal bruke eit eigenkonstruert døme for å syne kva dette argumentet går ut på i ein språkleg kontekst.

Sjå på setninga i (1).

(1) Martin las boka om New York fordi han skulle reise dit på ferie.

Dette er ei heilt normal setning på norsk. Vi kan også stikke litt om på setninga som i (2) og (3).

(2) Boka om New York las Martin fordi han skulle reise dit på ferie.

(3) Fordi han skulle reise dit på ferie, las Martin boka om New York.

Desse setningane er like akseptable som setninga i (1), men dei framhevar andre deler: boka om New York, eller grunnen til at Martin las boka om New York. Men det er nokre omstokkingar som ikkje går. Sjå på setningane i (4) og (5).

(4) *Han las Martin boka om New York fordi skulle reise dit på ferie.

(5) *Dit las Martin boka om New York fordi han skulle reise på ferie.

³ Sjå særleg Chomsky (1972, 1986), Crain (2012), Crain og Pietroski (2001), og Smith (2004). Norske framstillingar finst i Áfarli (2000) og Faarlund (2005).

Desse setningane er ikkje norske setningar. I (4) har vi tatt subjektet *han* i leddsetninga og sett det først i hovudsetninga. I (5) har vi tatt *dit* og sett først i hovudsetninga. Dette er ikkje mogleg, og vi vil gjerne vite kvifor. Det syner seg faktisk at ingen språk vi kjenner til tillét å ta noko ut av ei leddsetning som tar til med *fordi*.⁴ Chomsky og mange andre sin konklusjon er difor at vi menneske er fødde med ein restriksjon som seier at å ta noko ut av ei *fordi*-leddsetning for å setje det i hovudsetninga, ikkje er mogleg. Dersom dette stemmer, syner det at språk har ein mykje meir raffinert struktur enn det vi ser på overflata.

Vi har også no ein interessant prediksjon: Eit menneske vil aldri kunne lære eit språk der slike setningar som (4) og (5) er gjengse. Etske grunnar tilseier at vi aldri kan utføre eit slikt eksperiment, sidan det ville krevje at vi skaper eit språk som ikkje finst og berre eksponerer eit barn for dette.

Indirekte støtte finn vi likevel i litteraturen om ein spesielt gåverik mann, nemleg savanten Christopher. Ein savant er ein person som er særleg gåverik innanfor eitt område, men som elles er svært dårleg på dei fleste andre område Smith og Tsimpli (1995) skildrar dette spesielle tilfellet Christopher som ikkje er i stand til å ta vare på seg sjølv, men som kan uttrykkje seg på 15-20 språk. Dette syner at på tross av kognitive vanskar, er det mogleg å vere svært god i språk. Smith og Tsimpli forsøkte å få han til å lære konstruerte språk. Dette er språk der forskarane har funne opp orda og setningsmønstra. Christopher greidde å lære språk som har reglar av den typen vi ser i vanlege naturlege språk. Men Christopher greidde ikkje å lære språk som bryt med slike universelle prinsipp som det vi har sett ovanfor.

Christopher er eitt tilfelle, og det er sjølvstakt ikkje noko prov på at vi er fødde med ein abstrakt kunnskap om grammatikk. Det gjer det likevel meir sannsynleg at noko av kunnskapen vår om språk er medfødd. Når vi veit at vitskapen ikkje gir oss prov på at verda er slik og slik, men berre sannsynleggjer ulike svar, må vi vere godt nøgde med å kunne gjere eitt svar meir sannsynleg enn eit anna svar.

Dette argumentet om medfødd struktur er difor etter mitt syn eit svært godt argument. Data som setningane i (4) og (5) finst ikkje i input. Vi seier aldri slike setningar. Svært få foreldre veit i det heile tatt om dei data vi nettopp har diskutert, slik at dei vil ikkje kunne fortelje barna at dette er umogleg. Dessutan veit vi at slik instruksjon stort sett aldri fungerer, noko dette engelske dømet syner godt (frå Pinker 1995):

⁴ Dette tyder sjølvstakt ikkje at vi kan vere 100% sikre på at slike språk ikkje finst, men vi har ein god indikasjon på at dei ikkje finst. Ein kan også rekne med at forskarar som meiner språk ikkje har slike universelle trekk, ville ha trekt fram slike språk som moteksempel dersom dei kjende til dei.

- (6) Parent: Where's Mommy?
 Child: Mommy goed to the store.
 Parent: Mommy goed to the store?
 Child: NO! (*irritert*) Daddy, I say it that way, not you.

Her nyttar barnet ei feil form av fortidsforma til *to go*, nemleg *goed* i staden for *went*, men retting har ingen effekt på dette barnet, som er veldig bevisst på eigen språkbruk.

Sjølv om vi aldri har sett setningar som (4) og (5), veit einkvar morsmålsbrukar av norsk at dei ikkje er norske setningar. Denne abstrakte og umedvitne kunnskapen må komme frå einkvan stad, og Chomsky seier at han faktisk er medfødd. Vi kan kalle det kunnskap sjølv om dei aller fleste språkbrukarane ikkje er medvitne om denne kunnskapen. Sidan kunnskapen ikkje ser ut til å komme frå læring, har vi ikkje noko anna val enn å seie at vi må ha han som ein del av vår biologi.

Det finst mange språkforskarar som ikkje trur på argument som det eg nettopp har diskutert.⁵ Dei hevdar at vi veit at (4) og (5) ikkje er norske setningar fordi dei ikkje finst i det språklege miljøet der barn lærer språk. Kort sagt: Fordi vaksne og andre barn ikkje seier desse setningane, konkluderer eit barn med at dei ikkje eksisterer. Det er berre ting vi har høyrte som er gode setningar.

Dette argumentet er likevel problematisk. Det finst fleire komplekse setningsstrukturar som mange barn aldri blir eksponert for, men der dei som vaksne likevel vil vere samde i at slike setningar er gode norske setningar. Eit døme på dette har vi i (7), der vi kan tenkje oss at talaren til dømes peikar på eit bilete av ein person.

- (7) Dette er den berømte professoren som Kjell sende boka si til for å imponere.

Setninga i (7) vil dei aller fleste seie er ei grei norsk setning, der vi forstår at Kjell sende boka til den berømte professoren og at det var den berømte professoren Kjell ville imponere. Det vil seie at *den berømte professoren* blir tolka inn to stader i setninga. I (8) har eg markert desse stadene med ' _ '.

- (8) Her er den berømte professoren som Kjell sende boka si til _ for å imponere _.

⁵ Ein som særleg aktivt har argumentert mot Chomsky og generativ grammatikk dei siste åra, er Tomasello (2003). Sjå også Langacker (1987) for kognitiv grammatikk og Goldberg (2006) for konstruksjonsgrammatikk.

Om ein søker i store samlingar av talt eler skriven norsk, finst det svært få døme på slike setningskonstruksjonar. Dette tyder at sjølv om du neppe har sett akkurat slike setningar før, har du ikkje noko problem med å sjå at dei er greie setningar som kan brukast i den rette samanhengen. Difor er det ikkje så lett å seie at berre fordi noko ikkje finst i den språklege omgjevnaden, har vi ikkje kunnskap om fenomenet. Spesielt problematisk blir det når alle språka vi har undersøkt, ikkje tillét setningar som (4) og (5).

Samla sett har vi difor gode argument for å hevde at det finst noko kunnskap om språk som er medfødd. Denne umedvitne kunnskapen er ein del av biologien vår. Vi veit lite om korleis kunnskapen konkret manifesterer seg. Vi kan vere ganske sikre på at det ikkje finst eit konkret gen for språk, eller ein enkel stad i hjernen som huser språkevna vår. Det er heller snakk om mange genar som samverkar, og om ei språkevne som er distribuert over fleire stader i hjernen. Framtidig forskning vil vonleg kunne seie meir om dei biologiske komponentane som er involvert i språk.

Avrunding

I denne artikkelen har vi sett korleis det er mogleg å gjere greie for at barn lærer språk så snøgt som dei gjer. Vi har særleg konsentrert oss om eigenskapar barn lærer utan at dei nødvendigvis har noko særleg evidens for desse i språket rundt seg. Eg har argumentert for at dette er ein sterk indikasjon på at vi har medfødd kunnskap om språk.

Litteratur

- Chomsky, Noam. 1975. *Reflections on Language*. New York: Pantheon Books.
- Chomsky, Noam. 1986. *Knowledge of Language: Its Nature, Origin, and Use*. New York: Praeger.
- Crain, Stephen. 2012. *The Emergence of Meaning*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Crain, Stephen og Paul Pietroski. 2001. Nature, Nurture, and Universal Grammar. *Linguistics & Philosophy* 24: 139-186.
- Faarlund, Jan Terje. 2005. *Revolusjon i lingvistikken. Noam Chomskys språkteori*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Goldberg, Adele. 2006. *Constructions at Work*. Oxford: Oxford University Press.
- Langacker, Ronald. 1987. *Foundations of Cognitive Grammar*. Stanford: Stanford University Press.
- Pinker, Steven. 1994. *The Language Instinct*. New York: Harper.
- Pinker, Steven. 1995. Why the Child Holded the Baby Rabbits: A Case Study in Language

- Acquisition. I *Invitation to Cognitive Science*, Lilia R. Gleitman og Mark Liberman (red.), 107-133. Cambridge, MA: MIT Press.
- Smith, Neil. 2004. *Chomsky: Ideas and Ideals*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Smith, Neil og Ianthi-Maria Simpli. 1995. *The Mind of a Savant: Language, Learning and Modularity*. Malden: Blackwell.
- Tomasello, Michael. 2003. *Constructing a Language: A Usage-Based Theory of Language Acquisition*. Cambridge, MA: Harvard University Press.
- Åfarli, Tor Anders. 2000. *Grammatikk: kultur eller natur?* Oslo: Det Norske Samlaget.

Terje Lohndal
Førsteamanuensis i engelsk lingvistikk
Institutt for moderne framandspråk
NTNU Trondheim
terje.lohndal@ntnu.no